

RETURA SØRE SUNNMØRE AS

6160 HOVDEBYGDA

Organisasjonsnummer 987 578 602

ÅRSOPPGJER 2006

INNHold:

**Årsmelding
Resultatrekneskap
Balanse
Noter til rekneskapen
Revisors beretning**

Retura Søre Sunnmøre AS

Årsmelding 2006

Verksemda sin art

Selskapet si verksemd er innsamling, sortering og handsaming av næringsavfall i Volda og Ørsta kommuner. Verksemda vert driven frå leigde lokaler i Ørsta kommune der det har sitt forretningskontor.

Stilling og resultat.

Selskapet nådde ei omsetning på kr 11 204 955 i 2006, som er selskapet sitt tredje driftsår. Resultatet syner eit overskot på kr. 740 746. Etter styret sin meining gir den framlagde resultatrekneskapen og balansen eit fullstendig og korrekt bilete av drifta i året og stillinga ved årsskiftet. Driftsinntektene er auka med 13%. Eigenkapitalen utgjer 30% av balansesummen mot 26% i 2005. Balansesummen er auka med 42% frå 2005.

Framleis drift

Årsrekneskapen for 2006 er sett opp under føresetnad av fortsett drift. Vi stadfestar med dette at føresetnaden for fortsett drift er til stade.

Arbeidsmiljøet

Sjuefråveret i året har vore på 32 dagar. Dette utgjer ca. 2% av tilgjengeleg arbeidstid i året. Styret vurderar arbeidsmiljøet som godt. Det er ikkje rapportert om skadar eller ulykker. Difor er det ikkje sett i verk spesielle tiltak.

Ytre miljø

Det er ikkje rapportert om uhell som har forureina det ytre miljø. Selskapet legg vekt på å førebygge situasjonar som kan føre til forureining av det ytre miljø

Likestilling

Selskapet hadde 31.12.06 fire tilsette, 1 kvinne og 3 menn. I styret sit 2 kvinner og ein mann.

Årsrekneskapen - hendingar etter balanseslutt

Det er etter det styret kjenner til ikkje hendt noko etter rekneskapsåret sin utgang som har vesentleg verknad for bedømming av selskapet sitt årsrekneskap.

Framtidig utvikling

Styret vurderar framtidsutsiktene som gode.


Disponering av overskot


Styret gjer framlegg om eit utbytte på kr. 185 000. Resten, kr. 555 746 vert å overføre til annan eigenkapital.

Hovdebygda, den 11. juni.2007


Ann Britt Våge Fanneimel
Styreleiar


Ove Myklebust
Styremedlem


Gudny Fagerhol
Styremedlem


Bent J Nilsen
Dagleg leiar

Retura Søre Sunnmøre AS

GENERALFORSAMLINGS PROTOKOLL

21. juni 2007 vart det halde generalforsamling i Retura Søre Sunnmøre AS, i selskapet sine lokale i Hovdebygda.

Til stades var: dagleg leiar Bent J Nilsen, Ivar Aarskog, Odd Martin Svensli, Reidun Vigestad Berge og Ove Lid.

Med det var 100% av aksjekapitalen i selskapet til stades.

Til behandling låg føre:

1. Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart einstemmig godkjend.

2. Val av møteleiar og to personar til å underteikne protokollen

Ivar Aarskog vart valt til møteleiar.

Odd Martin Svensli og Reidun Vigestad Berge vart valt til å underteikne protokollen.

3. Gjennomgang av rekneskap med notar og beretningar

Rekneskapen for 2006 med notar og beretningar vart gjennomgått.

4. Godkjenning av årsrekneskapen med notar samt styrets og revisor beretning

Utarbeidd årsrekneskap for 2006 med notar og beretningar vart einstemmig faststemt som selskapet sitt årsoppgjer for året.

5. Fastsetjing av godtgjersle til revisor og selskapet sitt styre

Styret si godtgjersle for 2006 vert fastsett slik:

1. Godtgjersle til styreleiar vert sett til kr 20.000,-
Godtgjersle for styremedlemar vert sett til kr 10.000,-
2. Det vert utbetala eit eingongsbeløp kr 10.000,- til styreleiar som konsulenthonorar i samband med styreleiarar ekstra arbeid ved tilsetjing av dagleg leiar.
3. Revisor sitt honorar vart einstemmig godkjend.

6. Val av styre og revisor

Styre og revisor vart einstemmig attvalde.

Generalforsamlinga vart deretter heva.

Underteikning av protokollen:

Reidun V. Berge

Odd Martin Svensli

INNKALLING TIL GENERALFORSAMLING I RETURA SØRE SUNNMØRE AS

Dag: Torsdag 21.06.07
Tid: KL. 16.15
Stad: På Miljøstasjonen

SAKLISTE:

1. Godkjenning av innkallinga.
2. Val av møteleiar og to personar som skal underteikne protokollen.
3. Gjennomgang av rekneskap med notar og beretningar.
4. Godkjenning av rekneskap 2006 med notar og beretningar.
5. Fastsetting av godtgjersle til selskapet sitt styre.
6. Val

VEL MØTT!

Med helsing

Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar

Vedlegg: Sakspapir

SAK NR 03 / 04:

GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR 2006

Generalforsamlinga vert tilrådd å gjere slikt vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner den framlagde årsmelding og rekneskap for 2006 slik det ligg føre.

Saksutgreiing

Styret handsama den revisorgodkjende årsmelding og rekneskap for 2006 i møte 14.06.07. Eg legg med dette årsmelding, rekneskap fram for generalforsamlinga til godkjenning. Revisors melding vil verte lagt fram på møtet når balansen er underskriven av alle styremedleamar.

Årsmelding og rekneskap for 2006 er vedlagt.

15.06.2007

Bent J Nilsen
Dagleg leiar

Vedlegg: Rekneskap og Årsmelding 2006

**SAK NR 05:
FASTSETJING AV GODTGJERSLE TIL STYRET OG REVISOR FOR 2006**

Generalforsamlinga vert av styret etter styremøte 14.06.07 tilrådd å gjere slikt vedtak:

1. Godtgjersle til styreleiar vert sett til kr 20.000,-
Godtgjersle for styremedlemar vert sett til kr 10.000,-
2. Det vert utbetala eit eingongsbeløp kr 10.000,- til styreleiar som konsulentonorar i samband med styreleiarar ekstra arbeid ved tilsetjing av dagleg leiar.
3. Godtgjersle til revisor vert gjort opp etter rekning.

Saksutgreiing

1. Generalforsamlinga skal fastsetje godtgjersle til styret for 2006. Honorara er dei same som for 2005.
2. Styreleiar hadde mykje arbeid med tilsetjing av dagleg leiar og om styreleiar ikkje hadde handsama tilsetjinga ville det ha vore naudsam å engasjere ein konsulent til dette arbeidet. Konsulentonoraret er etter avtale med dagleg leiar i VØR.
3. For revisor sin del vil den for driftsåret verte gjort opp etter rekning.

15.06.2007

Bent J Nilsen
Dagleg leiar

Retura Søre Sunnmøre AS

Resultatregnskap	Note	2006	2005
Driftsinntekter			
Salgsinntekt		11 204 955	9 878 393
Annen driftsinntekt		13 073	14 110
Sum driftsinntekter		11 218 028	9 892 503
Driftskostnader			
Varekostnad		-4 653	-48 050
Lønnskostnad	2	-1 120 406	-752 678
Avskrivning	3	-318 488	-7 795
Annen driftskostnad	2	-8 712 530	-8 484 059
Sum driftskostnader		-10 156 077	-9 292 582
Driftsresultat		1 061 951	599 921
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		5 738	112
Annen rentekostnad		-38 207	-220
Netto finansposter		-32 469	-108
Ordinært resultat før skattekostnad		1 029 482	599 813
Skattekostnad			
Skattekostnad på ordinært resultat	7	-288 736	-165 148
Ordinært resultat		740 746	434 665
Overføringer			
Avsatt utbytte		-185 000	-35 000
Overført annen egenkapital		-555 746	-399 665
Sum disponeringer		-740 746	-434 665

Retura Søre Sunnmøre AS

Balanse	Note	2006	2005
EIENDELER			
Anleggsmidler			
<u>Varige driftsmidler</u>			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	3	<u>1 679 650</u>	<u>144 900</u>
<u>Finansielle anleggsmidler</u>			
Obligasjoner og andre fordringer	1	<u>100</u>	<u>0</u>
Sum anleggsmidler		<u>1 679 750</u>	<u>144 900</u>
Omløpsmidler			
Varer	1	<u>59 454</u>	<u>52 407</u>
<u>Fordringer</u>			
Kundefordringer	1	<u>1 098 552</u>	<u>1 232 918</u>
Andre fordringer	1	<u>182 828</u>	<u>110 496</u>
Sum fordringer		<u>1 281 380</u>	<u>1 343 414</u>
Bankinnskudd, kontanter og lignende	4	<u>1 888 970</u>	<u>1 912 951</u>
Sum omløpsmidler		<u>3 229 804</u>	<u>3 308 772</u>
SUM EIENDELER		<u>4 909 554</u>	<u>3 453 672</u>


Retura Søre Sunnmøre AS

Balanse	Note	2006	2005
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
<u>Innskutt egenkapital</u>			
Aksjekapital (50 aksjer à kr. 10 000)	5	500 000	500 000
<u>Opptjent egenkapital</u>			
Annen egenkapital		955 411	399 665
Sum egenkapital		1 455 411	899 665
Gjeld			
<u>Avsetninger for forpliktelser</u>			
Utsatt skatt	7	18 874	13 273
<u>Annen langsiktig gjeld</u>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	6	1 064 162	0
<u>Kortsiktig gjeld</u>			
Leverandørgjeld		1 615 210	2 040 264
Betalbar skatt	7	283 135	151 875
Skyldige offentlige avgifter		90 589	93 597
Utbytte		185 000	35 000
Annen kortsiktig gjeld		197 173	219 998
Sum kortsiktig gjeld		2 371 107	2 540 734
Sum gjeld		3 454 143	2 554 007
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		4 909 554	3 453 672

Hovdebygda, den 11. juni 2007


Ann Britt Våge Fannemel
styreleiar


Ove Myklebust
styremedlem


Gudny Fagerhol
styremedlem


Bent J. Nilsen
dagleg leiar